


Planstrategi for Suldal kommune 2020 – 2024

Vedteke i kommunestyret 22. februar 2020



Innhald

Kva er planstrategi?	3
Gjeldande planar:	4
Oversiktsplanar, reglement, retningsliner og strategiar	5
Overordna føringar	7
Statlege nasjonale forventningar 2019 – 2023	7
Regional Planstrategi	10
Status for Suldal kommune i dag	11
Status samfunnssdelen:	11
Status arealdelen:	12
Samfunnsutvikling, klima og miljø	15
Befolkningsutvikling	15
Arbeidsplassar	17
Pendling eksternt	17
Handel	18
Klima	18
Folkehelse	19
Bustadbygging – utviklingstrekk	22
Reguleringsplanar	22
20 prioriterte utfordringar som blir viktige i neste periode:	23
Framlegg til framdrift for kommuneplan, temaplanar og strategiar	26
Vidare arbeid med kommuneplanen:	26
Kommunedelplanar og temaplanar	26
Tema og strategiar som kommunestyret bør få til eiga behandling	26
Vurdering av prioriterte planoppgåver	27
Anna planarbeid som skal setjast i gong:	27
Reguleringsplanar – gjennomgang av planar som kan/bør opphevast	27
Planarbeid i perioden 2020 – 2024	28

Kva er planstrategi?

Plan og bygningslova seier i paragraf 10-1:


«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11»

I rettleiaren frå departementet er forholdet mellom planstrategi og andre planar vist slik:



Det einaste rettslege krav til sakshandsaminga er at forslag til vedtak i kommunestyret skal gjerast offentleg minst 30 dagar før vedtak, for å sikre alle interesserte høve til å fremme synspunkt før slutthandsaminga.

Prosessen rundt planstrategien vil avhenge av kor vidt kommunen ønskjer å legge opp til revisjon av kommuneplanen eller ikkje. Viss kommunen vél å vidareføre gjeldande kommuneplan, vil det vera

naturleg å legge opp til ein meir omfattande diskusjon rundt kommunal planstrategi, da dette blir einaste høvet til å få fram synspunkt om kommunens prioriteringar og utfordringar. Tilsvarande vil ein kommune som legg opp til ein kommuneplanrevisjon, kunne bruke kommuneplanprosessen til grundigare diskusjonar og medverknad.

Eit vedtak om kommunal planstrategi bør omfatte kommunens eige planarbeid, og bistand til og oppfølging av private planar. Vedtaket kan gjelde igangsetting av full kommuneplanrevisjon eller avgrensa seg til revisjon av arealdelen og revidering eller utarbeiding av kommunedelplaner for bestemte sektorar eller tema. Det kan også gjelde igangsetting av viktige reguleringsplanar som oppfølging av strategien.

Kommunal planstrategi har ingen direkte rettsverknad, men gir føringar for det vidare planarbeidet i kommunen. Sjølv om planstrategien t.d. seier at ein del av kommuneplanens arealdel skal opp til revisjon, kan grunneigarar framleis bygge i medhald av gjeldande arealdel eller reguleringsplan.

I planstrategien har vi også teke stilling til kva gamle reguleringsplanar som bør opphevast eller få endra status i planperioden. Det kan gjelde gamle planar som er i strid med nasjonale føringar, t.d. planar som opnar for uheldig bygging i strandsona.

Kommunen kan revidere planstrategien i løpet av perioden, etter behov. Planstrategien er ikkje formelt bindande for kommunen og kan fråvikast når det er gode grunner for det.



Foto: Lise Bjelland

Gjeldande planar:

Oversiktsplanar, reglement, retningsliner og strategiar

(For foreslått nye eller rullerte planar, sjå tabell s. 35.)

Namn	År	Sak	Omtele	Status 2020
Overordna planar, retningslinjer og reglement:				
Kommuneplanen	2015	KS 15/15	Gir overordna føringer for budsjett og handlingsplanar fram til ny plan er vedteke	Ny versjon
Etiske retningsliner	2013	KS 40/13	Etiske retningsliner for folkevalde og tilsette	Ok
Reglement for politiske organ og innsynsrett for folkevalde	2019	KS	Reglement for politiske organ	Ok
Delegasjonsreglement	2016	K.S 20/16	Leggja til rette for lokalpolitisk styring og effektiv tenesteyting	Må reviderast
Målbruksplan	2014	K.s 17.06.14	Tenk som dei kloke, tal og skriv som dei enkle	Ok
Beredskap :				
ROS-analyse	2014	Ks 55/14 og 67/14	Sikra at kommunen ivaretok folket sin tryggelik. Tek opp kva som bør arbeidast vidare med	Må reviderast
Beredskapsplan	2015	KS 68/15	Gir fullmaktar til krieseleiing, samt organisering av krieseleiing, evakuering, mm	Må reviderast
Økonomi og finans:				
Eigarskapspolitikk	2010	K.s 30/10	Informasjon til folkevalde knytt til eigarstyring. Utvikla kommunen til ein god eigar. Melding til administrasjon og ordførar over korleis eigarskap skal forvaltast framover ein gong årleg. (2.tertial)	Må reviderast
Innkjøpsstrategi	2019	KS 4/19	Profesjonelle innkjøp- betre tenester	Ok
Innkjøpsreglement	2014	K.S 18.03.14	Foreta innkjøp i samsvar med lovar og retningslinjer	Ok
Satsar for økonomisk sosialhjelp	2010	LEV-sak 18/10	Nytta staten sine rettleiande satsar. Same satsar i Suldal og Sauda	Ok
Retningslinjer for startlån	2013		Nytte Husbanken sine retningslinjer for startlån med følgjande endring: Løpetid inntil 20 år med avdragsfri periode inntil 5 år.	Må reviderast

Retningslinjer for finansforvaltning Suldal kommune	2016	KS 26/16	Gir føringar for forvaltning av kortsiktig og langsiktig likviditet og låneforvaltning	Må reviderast
Personalpolitikk:				
Plan for å behalde og rekruttere	2014	KS 68/14	Plan med strategiar for å behalde og rekruttere arbeidstakrar.	Må reviderast
Strategisk kompetanseplan 2016-2019	2016	KS 21/16	Overordna strategisk kompetanseplan.	Må reviderast
Arbeidsgjevarpolitikk	2016	41/16	Ein lærande organisasjon. Ny arbeidsgjevarpolitikk.	Må reviderast
Varslingsplakat	2017	K 70/17		Ok
Seniorpolitiske retningslinjer	2017	KS 7/17	Retningslinjer med godar for å behalda tilsette i arbeid lengst mogleg.	Ok
Lønspolitikk	2016	KS 74/16	Partsamansett utval. Retningslinjer for lønspolitikk i Suldal.	Må reviderast
Ulike fagområde:				
Kommunikasjonsplan	2019	KS	Sikra god kommunikasjon med kommunen sine målgrupper	Ok
Retningslinjer for kommunale utleigebustader	2014	K.S 36/14		Ok
Bustadsosial handlingsplan	2012	K.S 73/12	Bustadpolitisk «plattform»	Bør reviderast
Tilskotsordningar for kultur-, idrett- og nærmiljøtiltak i Suldal kommune	2018		Målsetjinga med retningslinjene er å få ordningar som er føreseilege, meir rettferdige, oversiktlege og aktiviserande.	Ok
Aksjonsplan landbruk	2013	KS 6/13	Aksjonsplanen detaljerer måla i kommuneplanen og er styrande for den lokale landbrukspolitikken.	Må reviderast
Klima og miljøplan 2012 – 2017	2012	KS 29/12	Alle kommunar er pålagde å ha ein eigen klima- og miljøplan for å bidra til å oppnå dei mål overordna planar har sett.	Innarbeidast i kommuneplanen
Fagplan for skjøtsel av kulturminne	2018	KS 41/18	Skapa forståing og respekt for den eineståande kulturarven me forvaltar i Suldal. Visa døme på representative og særprega kulturminne.	Ok
Trafikktryggleiksplan	2019	KS 08/19	Beskriv farlege trafikkpunkt og prioriterer handlingspunkt.	Må reviderast
Folkehelse	2016		Oversikt som beskriv befolkninga sin helsetilstand	Blir revidert i lag med sak om planstrategi.
Vedtekter SFO	2019	Levekårsutval 06/19	Opplæringslova §13-7	ok
Vedtekter barnehage	2018	Levekårsutval 04/19	Lov om barnehagar § 7	ok

Overordna føringar

Statlege nasjonale forventningar 2019 – 2023

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremme ei berekraftig utvikling i hele landet. Nyaste forventningar vart vedtatt ved kgl. resolusjon 14. mai 2019.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023 skal følgjast opp i fylkeskommunane og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planar, og liggja til grunn for statlege mynde si medverknad i planlegginga.

Regjeringa vil formidle den nasjonale prioriterte politikken på ein tydeleg måte, slik at planlegginga i fylkeskommunar og kommunar kan skje effektivt og til beste for innbyggjarane i hele landet. Samtidig styrker regjeringa det lokale sjølvstyret i planlegginga. Det betyr at fylkeskommunane og kommunane får auka ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser. Regjeringa ønskjer at regional og lokal samfunns- og arealplanlegging skal være basert på open dialog mellom alle parter, der og staten deltar. Eit viktig skritt på vegen er dei nasjonale forventningane.

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

1) Å skape eit berekraftig velferdssamfunn.

1.1 - Regjeringa har bestemt at FNs 17 bærekraftmål, som Norge har slutta seg til, skal være det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar, også i Norge. Det er difor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

1.2 - Tydeleg retning for samfunnsutviklinga. Regjeringa vil styrke samfunnsutviklarrolla til kommunane. Suldal kommune må ha bemanning som gir ei tydeleg strategisk retning til samfunnsutviklinga ut frå regionale og lokale tilhøve.

1.3 Effektive og kunnskapsbaserte planprosesser

Kommunen har ansvar for at planar og avgjærder byggjer på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag, og at dei har nødvendig plankompetanse.

1.4 God gjennomføring av arealplanar

Effektiv og gjennomføringsretta planlegging blir sikra ved at avgjerdene blir tekne på rett plannivå, med ein detaljgrad som er tilpassa behovet.

1.5 Auka bruk av digitale verktøy

Digital agenda – melding til Stortinget 27 (2015-2016) for Norge set prioriteringane for den kommunale digitaliseringa, og er følgt opp gjennom den nye digitaliseringsstrategien.

Målet for arbeidet fram mot 2025 er at:

- fleire oppgåver skal løysast digitalt, og som samanhengande digitale tenester
- alle som har evne til det skal kommunisere digitalt med offentleg sektor
- deling og bruk av data skal utnyttast til å lage brukarvennlege tenester
- eit felles digitalt økosystem skal vere utgangspunkt for kommunale og statlege tenester

Kommunane er vane med endring, men ein digital transformasjon krev meir.

Kommunane har kanalisert si satsing på digitalisering gjennom medlemsskap i KS (FIKS plattform) og regionale nettverk. For Suldal kommune er dette nettverket DigiRogaland. Visjonen er at folk i Rogaland skal ha lik tilgang til offentlege digitale tenester, og at kommunane er leiande innan digitalisering. Dei skal difor være pådrivar for at digitale løysingar blir tekne i bruk, og ein aktør for å utvikla digitale løysingar.

Digitalisering av kunnskapsgrunnlag, plan- og byggjesaksprosesser og eigedomstransaksjonar bidreg til å auke produktiviteten i privat og offentleg sektor. Betre digitale planregister gjer planinformasjon lettare tilgjengeleg. Det er behov for å auke datakvaliteten og sikre betre sjølvbeteningsløysingar til

offentlege data, planregister, matrikkel og andre felles register.

2) Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom m.a. ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning

2.1 Næringsutvikling gir grunnlag for velferd

Regjeringa er oppteken av gode rammevilkår for gründerar og små og mellomstore bedrifter, slik at det blir lettare og tryggare å skape nye arbeidsplassar. Gjennom planlegginga må då Suldal legga til rette for rammevilkår som er viktige for næringslivet, som tilstrekkeleg areal, transport og annan infrastruktur.

2.2 Eit samfunn med låge utslepp, som er trygt og tilpassa klimaendringane

For å sikre livsgrunnlaget og naturmangfaldet for framtidige generasjonar må samfunnet omstilla til eit lågutsleppssamfunn og tilpassast eit endra klima.

2.3 Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar

Noreg har store natur-, friluftslivs-, landskaps- og kulturminneverdiar som det er viktig å ta vare på, i tråd med nasjonale og internasjonale mål. Dette gjeld ikkje minst i Suldal. Langsiktig planlegging sikrar verdiane, og legg til rette for berekraftig utvikling av reiseliv og anna ressursbasert næringsliv.

2.4 Ressursbasert næringsutvikling

Det ressursbaserte næringslivet er i vekst og gir vesentlege bidrag til den nasjonale verdiskapinga. Suldal må fortsetja arbeidet med å skapa bærekraftige arbeidsplassar basert på naturressursane i kommunen.



Foto: Lise Bjelland

3) Å skape eit sosialt berekraftig samfunn - Berekraftig areal- og transportutvikling

3.1 Styrkt knutepunktsutvikling

Av omsyn til arealeffektivitet, reduserte klimagassutslepp og byspreiing, meiner regjeringa at det er viktig å leggje til rette for utbygging rundt kollektivknutepunkt i byar og tettstedar. Viss dette skal gjelda

Suldal betyr det konsentrert busetnad nær sentrum på Sand, samt busetnad nær skular og grendasentra i resten av kommunen. I regionalplanen er Sand definert som eit regionalt senter saman med Sauda og Jørpeland, medan Nesflaten, Suldalsosen, Erfjord og Jelsa er definert som grendasenter lik Årdal og Tau.

3.2 Meir vekt på regionale løysingar

Regjeringa understrekar at regionale og interkommunale samfunns- og arealplanar er viktige for å avklare spørsmål som går på tvers av kommunegrenser. Suldal har få problemstillingar knytt til tilgrensande kommunar.

4) Å skape eit trygt samfunn for alle, byer og tettstader der det er godt å bu og leve.

82 prosent av befolkninga i landet bur no i byar og tettstadar, og talet aukar. Regjeringa legg vekt på at byar i vekst treng heilskaplege grep for å bli funksjonelle og berekraftige for å få til eit meir integrert samarbeid om areal og transport. Utfordringa ligg i auke tettleiken samtidig som ein forsterkar trivnaden og tilhøyrsla til innbyggjarane. Suldal kommune kan ha same utfordringane knytt til Sand og dei største grendasentra, men kommunen har – og vil framleis ha - mykje spreidd busetnad, og kommunen må leggje opp til utvikling av tenestetilboda ut frå det.

4.1 Opne og inkluderande

Regjeringa er oppteken av at kommunane utviklar gode verkemiddel for å sikre at alle blir inkluderte i skule, arbeids- og samfunnsliv. Vegen til å delta i utdanning og arbeidsliv går svært ofte gjennom frivillig verksemd og opplevelingar gjennom felles aktivitetar i lokalmiljøet. Regjeringa legg også vekt på eldre som ein ressurs, og meiner det er viktig å skape eit aldersvenleg samfunn.

4.2 Trygge og helsefremjande

Gjennom god arkitektur og planlegging kan fylkeskommunane og kommunane vere med og utvikle gode lokalsamfunn og bustadområde, stimulere til fysisk aktivitet, og til eit meir helsefremjande miljø. Ein meir variert befolningsstruktur er mogleg å få til gjennom at kommunen planlegg for god tilgang på bustadomter som grunnlag for tilstrekkeleg og variert bustadbygging. Ein aukande del eldre og einslege, fleire mindre hushald og eit større mangfold i befolkninga i distrikta, gir behov for meir variert bustadmasse. Bustadplanlegging kan knytast til rekruttering av arbeidskraft og andre tenester i lokalsamfunnet og bidra meir generelt til gode lokalmiljø for befolkninga. God overordna og heilskapleg planlegging vil også kunne medverke til at utsette barn og unge får eit heilskapleg tenestetilbod og hjelp på eit tidleg tidspunkt.

4.3 Kvalitet på dei fysiske omgjevnadane våre

Leve heile livet er ei stor eldrereform som legg opp til eit aldersvennleg samfunn. Dei fysiske omgjevnadane er forutsetningar for at eldre skal nytte nærsamfunnet sitt. Utifrå fleire dialogmøte med ulike kommunar er det kome gode tilbakemeldingar på tiltak:

- Gode turmoglegheiter i nærmiljøet
- God belysning
- Godt med benkar etter sittemoglegheiter ute
- Universell utforming



Foto: Lise Bjelland

4.4 Levande sentrumsområde

Eit levande og mangfaldig sentrum med eit variert tilbod av møteplassar, handel, tenester, kultur og fritids-aktivitetar er viktig for å få attraktive og konkurransedyktige byar og tettstader. Slike stader gir gode opplevingar og stadttilhørsle. Sentrumsområde med bygg som rommar fleire funksjonar, kan gi positive utslag for aktivitetsnivået, særleg i mindre byar og tettstader, som til dømes Sand. Ulike aktivitetar og verksemder gjer sentrum attraktivt både på dagtid og om kvelden. Samlokalisering av ulike offentlege og private funksjonar og aktivitetar kan auke utviklingskapasiteten i lokalsamfunnet og styrke det samla finanzielle grunnlaget for investeringar.

Regional Planstrategi

Likt som at kvar kommune har sin planstrategi, har og kvar fylkeskommune ein regional planstrategi. Rogaland fylke har starta arbeidet med ny planstrategi som skal vedtakast i 2021. I tillegg har Fylkestinget vedteke ein del regionale planar som er retningsgjevande for Suldal kommune. Dei viktigaste er desse:

- | | |
|--|-----------|
| • Regionalplan for Ryfylke, | 2017-2030 |
| • Regionalplan for vannforvaltning | 2013-2040 |
| • Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning | 2017-2024 |
| • Samferdslestrategi for Rogaland | 2018-2029 |
| • Strategi for små vannkraftverk | 2014-2020 |
| • Regional plan for energi og klima | 2010-2020 |
| • Regional plan for folkehelse | 2017 -> |
| • Regional kulturplan | 2015-2025 |
| • Regional plan for byggeråstoff i Ryfylke | 2013 -> |
| • Strategi for bioøkonomi | 2018 -> |
| • Regionalplan for sjøareal havbruk | 2017 -> |
| • Reiselivsstrategi for Rogaland | 2013-2020 |
| • Regionalplan for landbruk | 2011 |
| • Regional jordvernstrategi | 2019 |
| • Regional plan for Setesdal, Vesthei og Ryfylkeheiene | 2012 -> |

Status for Suldal kommune i dag

I kommunestyreperioden 2011-2015 vart kommuneplanen fullstendig revidert, og vedtatt i kommunestyret 17. mars 2015. Samfunnssdelen vart fullstendig omarbeidd. Innholdet vart oppdatert og presentert i ny inndeling. Arealdelen vart oppdatert med fokus på bustad -og næringsareal. I kommunestyreperioden 2015-2019 blei det vedteke at det ikkje skulle gjerast endringar i kommuneplanen.

Planen er eit overordna politisk styringsdokument som blir lagt til grunn ved planlegging og utbygging i kommunen.

Dei fire-årlege økonomiplanane utgjer saman med årsbudsjettet kommuneplanen sin handlingsdel. I Suldal har me tradisjon for at kommuneplanen si oppbygning med mål og hovudstrategiar også er med over i økonomiplanen.

I økonomiplanen sin handlingsdel vert det årleg teke inn tiltak som naturleg er knytt opp mot hovudstrategiane i kommuneplanen.

Gjennom tertialrapportar og årsmelding melder administrasjonen attende til politisk nivå.

Ei politisk grundig handsaming av årsmelding og rekneskap er utgangspunkt for kommande års arbeid med budsjett og økonomiplan med handlingsprogram.



Status samfunnssdelen:

Samfunnssdelen vart oppdatert og presentert i ny inndeling ved siste revisjon. Folkehelse og inkludering var to tema som fekk sterkare plass ved den revisjonen. Men samfunnet er i stadig utvikling. Behova innan tenesteytinga endrar seg og nye behov kjem til og andre går ut. Det same gjer prioriteringane. Til dømes er behovet for digitalisering kome sterkt inn dei siste fire åra, det same er arbeidet med å tilpassa omsorgstenestene våre til befolkningsutvikling og ny teknologi. Det kan tenkast at hovudinndeling kan behaldast, men det er trøng for ein grundig gjennomgang av samfunnssdelen.

Visjonen: «Skattkammeret Suldal: Eksotisk – aktiv – trygg» Blir det ikkje gjort framlegg om å endra.

Status arealdelen:**1. Bustadområde**

a. Sand

Det er 7 ledige kommunale einebustadtomter og noko ledig område for konsentrert busetnad på Haugen, Eide. Vidare ledige tomter på Klypa. Avsett framtidig bustadareal i Kammen og Sjostien gjer at det totalt ikkje er trong for meir utbyggingsareal på fleire år. Derimot er det aktuelt å gå vidare med planane om fortetting/utviding innan eksisterande byggefelt på Sand, t.d. Prestaåsen og Randåsen/Maleniusåsen. Det vil vera i tråd med intensjonane i gjeldande kommuneplan og krev ikkje endringar i arealdelen. Dei siste åra har det vore liten etterspurnad etter einebustadtomter på Sand, medan det er bygd relativt mykje som konsentrert busetnad og det er gjeve byggeløyve til ytterlegare slike bustader. I vedtekne reguleringsplanar er det til saman 48 hustomter på Sand, men fleire av desse er svært dyre å bygga ut.

b. Suldalsosen

Detaljplan for Brakåsen/Klypetjønn er vedteken og vil dekka behovet i lang tid. Det kan også her vera aktuelt å leggja ytterlegare til rette for konsentrert busetnad nær sentrum (butikk-området). Til saman er det reguleringsplanar for 120 hustomter, i all hovudsak i Brakåsen/ Klypetjørn.

c. Øvre Suldal

Kommunale tomter i Moen bustadfelt er vurdert som lite aktuelle. Det er nokre private (Kilen) tomter tilgjengeleg, dessutan høve til spreidd bygging io dei fleste kvervane.

d. Erfjord

Detaljplan for Stølane Aust er vedteken og ein har også detaljplan for Stølane Sør (KV-bygg) og Erfjordlia. Totalt vil dette dekke etterspurnaden etter tomter framover.

e. Jelsa

Detaljplan for Sandaneset er vedteken og vil dekka behovet framover. I tillegg er det eit par andre reguleringsplanar med ledige tomter.

f. Hylsfjorden

Det er ledige kommunale bustadtomter i Vanvik og elles gode høve til spreidd bygging.

g. Ropeidhalvøya

Det er ledige kommunale tomter både på Kjølvikstølen og i Marvik.

2. Fritidsbustader

a. Totalt er det vedteke reguleringsplanar som har sett av plass til 960 hyttetomter i kommunen. Fleire av desse planane er ikkje starta med planlegging/ realisering, og for mange er det vel tvilsamt om det kjem utbygging. Viss det skal opnast for ytterlegare felt så bør det kanskje vurderast om nokre av dei som ligg inne bør takast bort.

b. Sjønære område

Det ligg inne eit potensiale på fleire hundre hytter innan regulerte område langs sjøen, særleg på Jelsa og Ropeidhalvøya. Det ser ut til at etterspurnaden etter hytter er i ferd med å ta seg opp etter ein «down-periode» nokre år. Det er likevel liten grunn til å opna nye område. Kommuneplanen legg elles opp til at ein kan gå inn på fortetting/utviding av eksisterande område dersom det kan gjerast utan større konfliktar.

c. Fjellområde

Området Gulling – Fjellbergskaret er det største og viktigaste satsings-området for hytter i fjellet. Det ligg her truleg inne eit potensiale på nokre hundre hytter som må detaljregulerast og der det bør satsast på konsentrert utbygging med full infrastruktur.



Foto: Jarle Lunde

3. Næringsområde

a. Kommunale næringsområde

Det vart ved siste kommuneplanrevisjon lagt inn nye næringsområde på Sand (Bergshagen) og Jelsa (Tysingvatn), dessutan nokre eksisterande nærings-område. Reguleringsplan for Tysingvatnet er under utarbeiding. Bergshagen har vist seg vanskeleg å utnytte, så ein arbeider med alternative lokaliseringar på Sand. Her kan det òg koma restriksjonar grunna ny vasskjelde på Hønesteg. Elles blei det ved sist kommuneplanrevisjon sett av eit næringsområde ved sjø på Lovraeid i samband med planar for rassikring av Rødsliane. Foto: Jarle I

b. Spreidd næringsbygging

I dei fleste områda for spreidd bygging er det opna for bygging av næringsbygg.

c. «Flygande fuglar»

Det er vanskeleg å planlegga næringsområde før ein veit kva type etablering som er aktuell, difor har ein i kommuneplanen sagt at ein skal vera velvillig til omdisponering av t.d. LNF-område dersom nokon har konkrete planar om næringsetablering. Utfordring i vår kommune er at det er svært få område som topografisk ligg til rette for næringsområde, og som samtidig ikkje er konfliktfylt i forhold til dyrka jord eller beite land. Kanskje burde kommunen setta av nokre aktuelle «grøne» område i kommuneplanen til framtidig næringsområde knytt til nye «flygande fuglar» med sysselsettingspotensiale.

4. Sjøarealet

a. Oppdrett, laksefjord

Sandsfjorden har restriksjonar knytt til at det er ein nasjonal laksefjord. I resten av sjøarealet har gjeldande plan stor fleksibilitet når det gjeld etablering av t.d. nye oppdrettsanlegg. Det kan likevel vera føremålstenleg å ha ein gjennomgang for sjå etter nye bruksområde, inkludert landbasert akvakultur.

Fylkeskommunen inviterer kommunane til felles kartlegging med føremål å finna nye areal som kan nyttast til næring. Her bør Suldal vera med.

b. Småbåthamner

Det er lagt inn i kommuneplanen større småbåtanlegg på Hebnes, i Drarvik, i Suldalseid, på Sand (sentrum), i Jelsavågen, på Foreneset og Erøy. Detaljplan for Drarvik småbåthamn er under utarbeiding. Desse bør dekka behovet for småbåthamner i ei tid framover.

5. Grøntområde og verneområde

a. Grøntdrag

Grøntdrag for tursti/veg Sand – Suldalsosen ligg inne i kommuneplanen. Andre område er også aktuelle for slike system, og det bør vurderast å legga dette inn som område i kommuneplanen.

b. Sti og løypeplan bør følgja ny kommuneplan som eit temakart.

6. Anna

a. Vassforsyning

Bandleggingsområdet ved Bergshagen vil måtte vidareførast då Mattilsynet har krav om ny reservevasskjelde for Sand. Det er i den samanheng planlagt prøvepumping i brønnar på Hønesteg. Tanken er å etablera ny hovudvasskjelde på Hønesteg og behalda anlegget i Larvik som reserveanlegg.

b. Gjeldande reguleringsplanar

I høve til gjeldande reguleringsplanar så er det fleire problemstillingar. Nokre av planane er eldre, ikkje tidsmessige og vanskeleg å handtere i handsaminga av byggesakene. Det kan og vere planar som er delvis overlappa av nyare planar, og planar i strid med kommuneplanen. Også planar med forholdsvis stort utbyggingspotensiale som ikkje blir realisert over tid, vil kunne «blokkere» for å sette av nye områder i kommuneplanen. Spørsmålet blir så kva ein kan gjere med det.

Det følgjer av § 12-14, 1.ledd i plan- og bygningslova at planprosessen med å oppheve ein reguleringsplanen er den same som å lage ny plan. I 4.ledd er det gitt ein enklare framgangsmåte, men med vilkår som gjer den lite praktisk. Dette betyr at det er svært ressurskrevjande å formelt oppheve reguleringsplanar etter plan- og bygningslova.


Ein enklare måte er å ikkje nemne reguleringsplanen som gjeldande i kommuneplanen. Det vil bety at reguleringsplanen fortsatt er rettskraftig, men at kommuneplanen gjeld foran. Dermed er det kommuneplanen som vil vere styrande for arealbruken i det aktuelle området.

Elles kan det nemnast at reguleringsplanar over tid gradvis blir fornøya, enten ved at det blir fremma nye plan i det aktuelle området eller at kommunen krev det ved framlegg om endring av planen.


Samfunnsutvikling, klima og miljø

Befolkningsutvikling

Det blir færre folk i Suldal. Det er mange som flyttar frå kommunen for å studere utan å kome heim igjen. Når me ser bak tala (alder på dei som flyttar), så ser me også at det mange eldre som flyttar i frå kommunen når dei går av med pensjon. Det var befolkningsauke i perioden 2008 til 2016 på grunn av auka innvandring (mottak av flyktningar). Mange av innvandrane har blitt buande, men det er også mange som vel å flytte vidare etter endt introduksjonsprogram. Fødseloverskotet (tal fødde minus tal døde) er svakt nedadgåande i perioden.




Folketalet har gått litt opp på Sand. Mange innvandrarar har busett seg (blitt busett) på Sand. Det har vore ein trend i mange år at folk ønsker å busette seg meir sentralt. I dei andre grendene har befolkningsutviklinga vore negativ.




Viss med legge SSB sitt middelalternativ til grunn (MMMM) så vil befolkningsnedgangen fortsette. Me vil gå i frå ca. 3800 innbyggjarar i 2020 til i underkant av 3600 innbyggjarar i 2040. Det vil bli færre yngre og færre innbyggjarar i arbeidsfør alder. På same tid så vil det bli ei kraftig auke i tal eldre.

Berekraftsbrøken (tal personar i aldersgruppa 20-66 år / tal 67 år og eldre) vil gå i frå 3 til i den neste 20-års-perioden.




I overkant av 10% av befolkninga i Suldal kjem i frå andre land. Dei fleste kjem i frå Europa. I tillegg har mange innvandrarar i frå Eritrea, Syria og Somalia.



Arbeidsplassar

I Suldal er det flest arbeidsplassar innan helse- og sosial. På annan plass kjem transport (Suldal Transport AS er registrert i Suldal, men mange i verksemda bur og arbeidar andre plassar). På ein god tredje plass kjem bergverk (Norsk Stein).

I framtida vil det sannsynlegvis bli behov for enda fleire arbeidsplassar innan helse- og sosial (ref at det blir fleire eldre). Samtidig må me arbeide for å oppretthalde verdiskapinga i kommunen. Det kan bli ei utfordring.




Pendling eksternt

Det kan sjå ut som fleire pendlar etter at Sandsfjordbrua blei opna. Det er no 76 som pendlar til Sauda mot 64 i 2015, og det er no 73 som pendlar til Suldal frå Sauda, mot 64 i 2015. Det er også fleire som pendlar til Vindafjord (pluss 3), men det er færre som pendlar fra Vindafjord (minus tre).

			Sysselsatt					
	Bustad		1103 Stavanger	1106 Haugesund	1133 Hjelmeland	1134 Suldal	1135 Sauda	1160 Vindafjord
2015	1103	Stavanger				28		
	1106	Haugesund				19		
	1133	Hjelmeland				40		
	1134	Suldal	67	20	22	1673	64	33
	1135	Sauda				64		
	1160	Vindafjord				36		
2018	1103	Stavanger				30		
	1106	Haugesund				23		
	1133	Hjelmeland				50		
	1134	Suldal	63	17	16	1596	76	30
	1135	Sauda				73		
	1160	Vindafjord				39		


Handel

Det var ei kraftig auke i detaljhandel per innbyggjar i perioden 2011 til 2015. Etter den tid har det flata ut.



Klima

Noreg har forplikta seg til å redusere CO₂-utsleppa med 40% (samanlikna med 1990-nivå) innan 2030. Kommunane må ta sin del av jobben. Utsleppa stammer hovudsakeleg i frå vegtrafikk, jordbruk og sjøfart. I Suldal kommune har CO₂-utsleppa blitt redusert med 15% sidan 2009. Reduksjonen har hovudsakeleg vore innan vegtrafikk. Det er også på det området det vil gje mest effekt å redusere utsleppa framover. Det blir arbeida på fylkes- og nasjonalt nivå å få ned utsleppa innan sjøfart (overgang til el- og hydrogen). Det blir også arbeida med å få ned utsleppa i frå jordbruk, men her kan ein ikkje rekne med like stor effekt.



Folkehelse

Folkehelselova gir kommunane ansvar for å føre oversikt over helsetilstanden i befolkninga, samt dei positive og negative faktorane som verkar inn på denne. Kvart fjerde år skal kommunen utarbeide eit oversiktsdokument knytt til folkehelse som skal ligge til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet i kommunen. Oversiktsdokumentet skal vere klart ved oppstart av det nye kommunestyret sitt arbeid med planstrategi.

Oversikta skal ta føre seg følgjande punkt:

- Befolkingssamansetning
- Oppvekst
- Levekår
- Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- Skader og ulukker
- Helserelatert åtferd
- Helsetilstand

Under kan ein lese deler av oversiktsdokumentet. For meir detaljert informasjon ligg det fullstendige oversiktsdokumentet som vedlegg.

Befolkingssamansetning:


Når det gjeld befolkingssamansetning vert det vist til tabellane i kapittelet «Samfunnsutvikling,klima og miljø». Dei syner utviklinga for kommunen dei seinare åra samt framskrivningar for dei kommande åra. Utflytting og auka tal eldre er hovudutfordringane kommunen står i.


Oppvekst:

I Suldal ser ein at talet minoritetsspråklege barn i barnehage og skule har auka. God stimulering av det norske språket er viktig for å sikre god integrering og inkludering, ikkje berre for borna men også foreldra. Lang skuleveg og manglende sykkelvegar gjer at mange barn ikkje kan gå eller sykle til skulen. Det er ikkje bra verken for borna eller miljøet. Vidare ser ein at mobbing førekjem i Suldalsskulen, og barn som vert utsett for mobbing er særleg utsette for psykiske og fysiske plager seinare i livet.

Når det gjeld motivasjonen til elevar i 7. og 10. trinn syner tal frå elevundersøkinga at den er lågare i Suldal enn resten av landet.

Antall minoritetsspråklege barn i barnehage





Tidstrend i Suldal, prosentdel Ungdomsskuleelevar som vert mobba minst kvar 14. dag. Kjelde: Ungdata, 2019, mobbing (Tal kvart tredje år)


Levekår:

Statistikk fra NAV viser at det dei siste åra ikkje har vore ei auke i ungdom som står utanfor arbeid. Både tal på arbeidsledige ungdom, ungdom som mottek arbeidsavklaringspengar og ungdom som har mottatt økonomisk sosialhjelp har halde seg stabilt. NAV lokalt melder om at ungdommane som er tilmeldt NAV no, har større utfordringar og står lenger frå arbeid no enn tidlegare. Helserelaterte utfordringar er det ein ser mest av. I tillegg er det mange av ungdommane som ikkje har fullført vidaregåande opplæring og som heller ikkje har arbeidserfaring og med det har vanskar med å skaffe seg arbeid.

10% av innbyggjarane i Suldal i alderen 18-67 år er uføre. Tal uføre har auka i alle aldersgrupper utanom for dei over 60 år. Auka har vore på 70% i frå 2009 for dei mellom 40 og 59 år. No er 7% av alle 40-åringar og 17% av alle 50-åringar uføre, mot 4% og 10% i 2009.

Det bur cirka 900 barn under 18 år i Suldal kommune. Av desse bur ca 90 stk (10%) i hushald med vedvarande låg inntekt. (Eu-skala 60% = hushaldet har mindre enn 60% av medianinntekten i kommunen).

I familiar med låg inntekt kan borna ha større risiko for å utvikla helseutfordringar og utanforskap. Forsking viser at låg inntekt og utfordringane det kan føra med seg kan gå i arv.



Kjelde: NAV, tal uføre per år fordelt på alder


Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø:

Suldal kommune har mange fine friluftsområde og er rik på natur – fjell, skog, dal, elv og fjord. Dette gir store høve for aktivitet, friluftsliv, jakt og fiske og turisme, noko som ein ser som svært positivt for folkehelsa i kommunen. Suldal har eit aktivt kulturidretts og organisasjonsliv med om lag 150 registrerte lag og organisasjonar.

Styrking og etablering av fleire sosiale møteplassar

er viktig. Støv og støy frå Norsk Stein er ei ulempe, men representerer vanlegvis ikkje direkte helsefare. Ungdata undersøkinga kartlegg livssituasjonen til ungdommane. Opplevinga av einsemd er ein faktor som påverkar den psykiske helsa. I Suldal syner undersøkinga at 23% av elevane på ungdomstrinnet den siste veka har vore plaga av einsemd “ganske mykje” eller “veldig mykje”.

I Suldal kan det sjå ut som me har därleg vasskvalitet. Det er ikkje tilfelle. Grunnen til at berre 25% av innbyggjarane har blitt registrert med god vasskvalitet (ecoli) i 2018 skyldast at me har tatt for få målingar på enkelte vassverk til å få godkjent score. Rutinen blir endra i frå 2020. Dei målingane som har blitt tatt er gode.



Vasskvalitet	2016	2017	2018
Innbyggjarar med god vasskvalitet i %- ecoli*	100	80	25
Innbyggjarar med god vasskvalitet i % - ph	100	100	100

Skadar og ulukker:

Ulukker med personskade er eit vesentleg folkehelseproblem som også rammar yngre aldersgrupper. Generelt har Suldal eit lågare tal på skadar enn landet, men skil seg ikkje spesielt frå fylket når det gjeld skadar som har ført til sjukehusinnleggingar.

Skadar og ulukker på veg har auka dei siste åra. Suldal kommune har totalt ca. 108 mil med veg. Nokon av vegstrekningane har fått ein kraftig trafikkauke dei siste åra, og nokon av desse strekningane er også rasutsette og trafikkfarlege grunna skarpe svingar, hellingar og smal vegbane.



Helserelatert åtferd:


I dag speler digitale medium ei sentral rolle i kvardagen, både for skullearbeid og det sosiale livet til ungdomar. Skjermtida aukar gjennom ungdomstrinnet og det er ein skilnad på kva gutter og jenter bruker digitale medium på i fritida.

I høve tannhelse, har Suldal ein høgare andel kariesfrie 5-, 12-åringar enn alle nærliggande kommunar, fylket og landet. Når det gjeld 18-åringar er me omrent likt (litt under) som nærliggande kommunar, fylket og landet.

Helsetilstand:

Helsetilstanden er summen av psykisk og somatisk helse og uhelse hjå eit individ. Gjennomsnittleg forventa levealder i Suldal, var i perioden 2003-2017 78,5 for menn og 84,8 for kvinner. Den vanlegaste dødsårsaka i Suldal er kreft, deretter hjarte- og karsjukdommar. Me har ein høgare andel som dør av kreft i Suldal enn resten av fylket. Suldal har lågare tal personar med psykiske lidingar som har vore i kontakt med primærhelsetenesta enn på fylkes- og landsbasis. Rus-problematikken i Suldal er ikkje stor samanlikna med andre kommunar, men det er viktig at det er fokus på dei utfordringane som finst og jobbar aktivt på førebyggings sida.

Sjukefråværet (legemeldt) har auka dei siste åra, spesielt blant kvinner. Sjukefråværet har auka mest



innan helse- og omsorg, som er kvinnedominerte yrke. Det totale sjukefråværet i kommunen (oransje linje) ligg no over landsgjennomsnittet (svart linje), og det er uvanleg. Det totale sjukefråværet i kommunen (oransje linje) ligg no over landsgjennomsnittet (svart linje), og det er uvanleg.

Bustadbygging – utviklingstrekk

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Byggeløyve bustadhus	18	20	27	26	10	6	7	9
Byggeløyve hytter	36	24	23	20	24	20	24	29
Bygesaker i alt	473	459	421	448	399	349	400	333

Reguleringsplanar

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Ferdighandsama reguleringsplanar	17	2	3	1	3	3	4	6

Prioriterte utfordringar som blir viktige i neste periode:

Som ei innleiing til kommuneplanarbeidet har me peika på sentrale utfordringar i tiåret som ligg føre oss. Det var utsendt i høyringa, og det kom mange kommentarar i tilbakemeldingane. I etterkant er dei omearbeidd, og det har igjen vore eit prioritersarbeid kor leiarar og politikarar i formannskap har bidrige. Med utgangspunkt i dette meiner me gruppert inn i ti sentrale utfordringar som kommunearbeidet må svara på, samt ein del andre sentrale utfordringar som også er viktige:

Ti sentrale utfordringar som må prioriterast:

Bevara og auka Innbyggartal.

Innbyggartalet er synkande eller i beste fall stabilt. Kommunen må få eigne ungdommar tilbake til Suldal, og samtidig få andre tilflyttarar til å bli i kommunen. Like viktig som å skaffa nye innbyggjarar er det å gi bulyst slik at flest mogleg blir verande i kommunen

Arbeidsmarknad.

Suldal er ein eigen arbeidsmarknad som ligg eit godt stykke frå store befolkningssentra og t.d. flyplass. Det gjeld å skapa arbeidsplassar kor Suldal nyttar dei fortrinna ein har som utliknar dette.

Landbruket som viktig næring og som sentral for busetnaden

Landbruket har vore den viktigaste næringa i kommunen, men er utsett for sentrale trendar som er utfordrande. Framleis er næringa sentral for den desentraliserte busetnaden.

Næringsutvikling og tilgang på næringsområde.

Det er trond for ei blanding av private og offentlege arbeidsplassar. Utvikling av eksisterande næring og tilgang på ny blir viktig. Kommunen har få og små næringsområde tilgjengeleg. Det er trond for område til bedrifter som startar i det små og ekspanderer, og også til større bedrifter som kan etablera seg i kommunen.

God oppvekst for alle.

Det kan sjå ut til å bli fleire born som har ekstra utfordringar. Tidleg, tverrfagleg og rett innsats i heile oppvekstløpet blir særsviktig for å gi barna våre meistring og motivasjon til utdanningsløpet og livet som står føre dei, herunder og inkludering og integrering av minoritetsspråklege.

Usikre kraftinntekter.

Inntektene kommunen har frå skattar og konsesjonsordninga knytt til vasskraft er svært utsette og svingande. Kommunen bør til ein kvar tid vera klar for fall i inntekt på 5-10 %, det vil seia 25- 50 millionar.

Samferdsel.

Båt- og busstilbodet står i stadig fare for å bli redusert, og vegstandarden er ikkje trygg og god nok verken for bil eller sykkel. Riksveg 13, fylkesveg 146 og 520 er viktige vegar inn til kommunen. Hurtigbåtrute må oppretthaldast.

Rekruttere og behalda kompetanse.

Det vil for fleire tenester bli viktig å skaffa nok og rett kompetanse. Kommune, næringsliv og Sauda VGS må samarbeida. I kommunen må ein ha fokus på rekruttering, og å kunne tilby attraktive heile stillingar med attraktive arbeidsoppgåver. For mange arbeidsoppgåver blir godt samarbeid med

nabokommunar viktig, samt at kommunen er organisert slik at kompetansen blir effektivt nytta

God digital standard

Skal kommunen驱ra meir effektivt, og kvaliteten på tenestene oppretthaldast, så må kommunen følgja med på digitaliseringsutviklinga. Dette krev kompetanse. Det krev også god infrastruktur, i form av mobildekning og breibandstilbod for alle innbyggjarar.

God arbeidsgjevarpolitikk i kommunen

Kommunen er største arbeidsgjevar i Suldal. Det må vera fokus på den kommunale organisasjonen gjennom god arbeidsgjevarpolitikk, leiarutvikling og arbeidsmiljø, og på utfordringar som sjukefråvær og deltidsproblematikk.

Andre viktige utfordringar som har vore spelt inn og som er viktige er desse:

Auka tal eldre og færre yrkesaktive i arbeid.

Det er auke i talet på uføre, og det er ei i auke i talet på eldre frå slutten av 20-talet. Dette kan gje vanskar i å skaffa nok arbeidstakrarar til bedrifter og kommunale tenester. Samarbeid mellom kommune og privat næringsliv blir viktig.

Klimaendringar.

Klimaendringar gir sannsynlegvis fleire mindre jordras og vegar som er meir utsette for stenging. Kanskje kan leidningsnettet bli for lite, og i verste fall har me bustader som ligg utsett til. Kommunen må ta sitt ansvar for at klimautsleppa blir redusert i tråd med nasjonale mål. Dette kan bety noko for innkjøp og drift.

Berekraftig arealutvikling

Følgja opp staten sine målsettingar når det gjeld berekraftig arealutvikling og aktivt forvalta natur- og kulturverdiar på ein rett måte.

Aktiv skogbruksdrift som sentral i klimautfordringane og som næring.

Suldal er ei av dei viktigaste skogbrukskommunane i Rogaland. God drift av skogen vil vera eit viktig bidrag i arbeid for reduserte klimautslepp

Minkande barnetal i grenadane.

Fleire av skule- og barnehagane i grenadane ser ut til å få redusert barnetal, og blir dermed meir sårbar for fagleg utvikling. Ein bør sjå på moglegheiter for å dekka desse behova.

Variert bustad- og tomtetilbod.

Busetnaden har tidlegare vore på gardar eller ved bygging av einebustader. Trend dei siste åra er fleire mindre husvære. Kommunen treng slike bustader i fleire grender, samt tomter til einebustader i alle skulekrinsar.

Hytter som ressurs

Suldal har mange hytter, om lag 2.000. Kommune og næringsliv må legga til rette for å ta i bruk deira kjøpekraft og innsatsvilje på ein god måte.

Ein kommune med fellesskap og mangfald.

Suldal blir mindre homogent samfunn gjennom at det er aukande tal innbyggjarar som kjem frå andre land. Dette er ein ressurs som må nyttast, og samtidig ei utfordring.

Mobilisera frivillig innsats.

Friviljug sektor er viktig for alle kommunar. Det er viktig at engasjementet blir like stort i nye generasjonar, og blir endå viktigare når ressursar i form av økonomi og løna personell minkar.

Stabil og rett legedekning.

Kommunen treng ei stabil legegruppe slik at kommunen kan yta gode fastlegetenester og oppretthalda lokal legevakt, også når ny akuttmedisinsk forskrift byrjar å gjelda.

Omsorgstenester på rett nivå.

Behovet for tenester i omsorg har endra seg dei siste åra. Kommunen har fått fleire spesialiserte tenester som har trong for høg kompetanse innan helse- og omsorg, kompetanse som er vanskeleg å rekruttera. Det blir viktig å gi tenester på rett nivå, og legga til rette for at brukarar kan bu lenge heime.


Framlegg til framdrift for kommuneplan, temaplanar og strategiar

Vidare arbeid med kommuneplanen:

Kommuneplanen blei vedteke i 2015 etter to års arbeid. Rådmannen legg til grunn at både samfunnsdel og arealdel bør reviderast i denne kommunestyreperioden. Tidlegare har Suldal valt å vedta heile kommuneplanen samla. Samfunnsdelen kan kommunestyret vedta direkte, medan arealdelen ofte må i gjennom drøftingar med andre myndigheter for å få bort motsegner. Det blir difor foreslått å vedta dei to delane kvar for seg. Dette vil ein koma endeleg tilbake til i planprogrammet for kommuneplanen.

Arbeidet med planprogrammet startar i januar. Her vil det bli møte med alle statlege myndigheter som kan ha påverknad på planen, og det vert planlagt at planprogrammet kan vedtakast før sommarferien. Får me det til kan sjølv arbeidet med planen starta i haust med ulike medverknadsmøte for grender og interessentgrupper.

Framdrift kommuneplan



Kommunedelplanar og temaplanar

I tråd med praksis i Suldal blir det ikkje foreslått andre planar enn dei som er pålagt gjennom lov eller ved eigne tiltak nasjonalt eller regionalt. Dette set store krav til at kommuneplanen sin samfunnsdel blir gjort grundig, men erfaringane viser også at dette i større grad sikrar at vedtekne planar og strategiar i kommuneplanen blir følgt opp.

Tema og strategiar som kommunestyret bør få til eiga behandling

I tillegg til at kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel vert tilrådd revidert i denne kommunestyreperioden, bør det arbeidast med ulike tema fram mot neste revisjon. Slike tema kan trengja eigne planar eller saker til kommunestyret. Det blir forslått desse sakene som er større strategisaker i tillegg til sakene og strategiane som tidlegare er lista opp at det er behov for endringar i.

- Strategi for næringsutvikling knytt til kommunen og utvikling av næringsareal
- Utvikling av nye arbeidsplassar og rekruttering av nye innbyggjarar

I tillegg vil kommunen arbeida med tema som ligg utanfor kommunen sitt mynde. Her vil kommunen driva påverknadsarbeid:

- utbetring og rassikring av vegane gjennom kommunen
- etablera fleire gong –og sykkelvegar
- forbetra kommunikasjonane (veg, sjø, mobil, data)
- styrka det vidaregåande skuletilbodet – også ha fokus på fråfallsproblematikk blant elevane

Vurdering av prioriterte planoppgåver

Anna planarbeid som skal setjast i gong:

Det vil ikke bli sett i gong arbeid med andre nye planar enn dei som er nemnte under.

Eksisterande planar og styringsdokument som det skal arbeidast med i kommunestyreperioden er lista opp i planoversikta.

Reguleringsplanar – gjennomgang av planar som kan/bør opphevast

Alle gjeldande reguleringsplanar er gjennomgått, og det er føretatt ei grov utsiling av planar som vi har vurdert for oppheving. Det kan vera fordi dei er gamle, teknisk dårlege; misvisande; ikkje ønskelege lenger; erstatta av nyare planar. Planområda kan i kommuneplanen gå tilbake til LNF eller visast som bygeområde.

Liste over planar som bør vurderast utelatt i førstkommande kommuneplansrevisjon, på det vis at dei i kommuneplanens arealdel ikkje vert oppført som gjeldande :

- | | |
|--------------------------------------|-------------------------------|
| 5 Eide | 127 Åsarød indre |
| 21 Rv Sand – Rophaug | 128 Åsarøddalen |
| 32 Jelsavågen | 129 Jårvik indre |
| 36 Sandaneset NII | 130 Jårvik ytre |
| 37 Svehaugen | 136 Markusvika Vik |
| 51 Hagane aust | 139 Romsbotn |
| 63 Vanvik bustadfelt | 143 Foreneset |
| 73 Bekkjadalen | 145 Fuglastein 145/5 |
| 76 Nesflaten (handelslag) | 147 Dalberg |
| 86 Mosvatnområdet – Haugastølkvelven | 149 Hauane |
| 87 Fjellberg | 151 Sandvik |
| 88 Vasshus | 152 Habn naust |
| 89 Vikjo | 154 Kolstø |
| 90 Markosvatnet | 156 Rørtveit/Nonsheia |
| 92 Little Saurdal | 157 Haugsland/Slåtteheia |
| 97 Mokleiv | 158 Helgeland |
| 98 Bjørkenes | 159 Tveit/Liarstøl |
| 99 Kilavatnet | 160 Kvelvane |
| 100 Holane | 162 Drengsti |
| 101 Austarå | 163 Andvik |
| 102 Bordalen | 168 Vormestrstrand II |
| 103 Østabø, Tysseland | 178 Vormestrstrand |
| 104 Tysseland | 180 Nerstølkvelven |
| 106 Solhaug, Løland | 186 Lindum golfbane Tjøstheim |
| 109 Nevøy | 189 Kloppå Vatlandsvåg |
| 110 Øynatangen Nevøy | 198 Nerstølkvelven II |
| 116 Bjødnavågen I | |
| 117 Tveita I | |
| 119 Kjølvik | |
| 124 Vatlandsvåg indre | |
| 125 Kalvik | |
| 126 Li | |

Planarbeid i perioden 2020 – 2024

Foreslått nye planar eller foreslått rullering. For gjeldande planar, sjå tabell s. 7.

Namn	Merknad	Oppstart prosess
Overordna planar, retningslinjer og reglement:		
Kommuneplanen	Arbeidet med planstrategi er planlagt lagt fram for politisk handsaming februar 2020. Her vil ein tilrå revisjon av både samfunnsdel og arealdel i kommuneplanen.	2019
Delegasjonsreglement	Revisjon i løpet av fyrste året	2020
Beredskap :		
ROS-analyse	Må oppdaterast. Lagt inn midlar til dette i budsjettet for 2020. Anbod er sendt ut.	2020
Beredskapsplan	Bør rullerast i perioden, men treng ikkje full gjennomgang	2021
Økonomi og finans:		
Eigarskapspolitikk	Eigarskapspolitikken bør vurderast i perioden	2021
Retningsliner for finans-forvaltning Suldal kommune	Ved behov, og seinast etter neste kommunestyreval	2020
Personalpolitikk:		
Strategi for å behalde og rekruttere medarbeidrarar	Det er innført nye verkemiddel sidan siste revisjon i 2014. Vil vera nyttig å ha ny gjennomgang	2022
Strategisk kompetanseplan		2022
Arbeidsgjevarpolitikk	Reviderast i samband med kommuneplanrevisjon	2021
Lønspolitikk	Revidert hausten 2016, samt mindre revisjon i 2018.	2020
Ulike fagområde:		
Aksjonsplan landbruk	Denne vert revidert annakvart år. Kanskje bør det skje ein grundigare revisjon med høyringar i løpet av perioden	2021
Trafikktryggleiksplan	Planen er viktig for utløysing av statlege og fylkeskommunale midlar.	2022
Folkehelse	Skal utarbeidast kvart 4. år,	2023
Strategiplan for legetenesta	Vedteke i 2019 av levekårsutvalet at slik plan skal lagast	2020
Næringsstrategi og arbeidsplassutvikling	Strategi for næringsutvikling og utvikling av næringsareal, og tilrettelegging for nye arbeidsplassar	2020
Innbyggjarrekryttering	Analyse og strategiar for å rekruttera nye innbyggjarar	2021
Bustadsosial handlingsplan	Strategi for bustadsosial busetnad	2020

